4. I det videre arbeidet med Masterplan Sandnes øst må det legges opp til varierte boliger, også eneboliger bør være en del av mangfoldet. Ved høyverdig kollektiv knutepunkt bør det legges opp til høyutnyttelsesboliger.

Kartgrunnlaget

I prinsippskisse for arealbruk i masterplanen er det vist og rådd til austleg trasè for bybanen. Bybanealternativ midtre som Sandnes kommune også har utreda, og alternativ vest foreslått av Jordvernutvalget Sandnes bondelag, er også ein del av høyringa.

Dei alternative bybanetrasèane er vist på kvar sitt kart i høringsdokumentet. Det er utarbeida ei prinsippskisse for arealbruk (bustad, næring, senterområde). Dette er brukt i alle tre bybanealternativa, men influensområdet for bybanen er justert for val av trasè.

Kva er ein masterplan?

Den 02.06.2003 gjorde kommuneplankomiteen i Sandnes kommune følgjande vedtak:

- 1) Som en oppfølging av kommuneplanarbeidet ber kommuneplankomiteén om at det igangsettes et arbeid som skal resultere i en konkretisering av utbyggingsretning øst.*
- 2) Arbeidet skal bestå av to hovedelementer:*
 - a) En overordnet utredning som kartlegger mulige utviklingsmåter innenfor fylkesdelplanens rammer og utreder samfunnsøkonomiske forhold omkring utviklingen*
 - b) En grov strategi for utvikling av nye byggeområder i Sandnes øst. Strategien skal omhandle plan- og utredningsbehov for de planlagte utbyggingsområdene, og bl.a. gi føringer for utvikling av stedskvaliteter, bevaring av miljøkvaliteter, gjennomføringstid og –rekkefølge. Strategien skal gi føringer for fremtidig kommuneplanarbeid.*
- 3) Kommunen skal gjennomføre utrednings- og strategiarbeidet i samarbeid med regionale myndigheter.*

Dette var oppstarten til det som seinare er blitt ein masterplan for "Sandnes Øst". Sandnes kommune omtaler i masterplanen kva type planverktøy dette er (side 4 i planen):

"Masterplan for Sandnes øst er i planhierarkiet plassert mellom Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J) og kommuneplan-nivået. Planen er en rammeplan og bygger på fylkesdelplanens hovedprinsipper: samordning av byvekst, natur- og landbruksinteresser, sterk arealøkonomisering og samordning av arealbruk og transport for å styrke kollektivtrafikken. Planens hensikt er å fastsette robuste rammer for de kommende kommuneplanene med det målet å oppfylle fylkesdelplanens hovedprinsipper. I så måte vil Masterplanen være et konkret svar på fylkesdelplanens krav om at *"planlegging av vedtatte langsiktige utviklingsretninger må starte snarest mulig slik at kommuneplaner innrettes med sikte på tilrettelegging av nødvendig langsiktig infrastruktur og tilhørende utbyggingstrategi"* (FDP-J, s.50)."

Vidare på side 7 om bruken av masterplanen:

"Hensikten med masterplanen er at den blir et fleksibelt hjelpemiddel for utvikling og ikke en klamp om foten for initiativtakere og kommunen. Det gjelder å igangsette en kontinuerlig prosess som ikke avsluttes fordi om det blir lagt frem et ferdig planprodukt og gjort et vedtak. Målet er å holde planleggingsgrunnlaget så godt ved like, at det kontinuerlig gir tilfredsstillende bakgrunn for å fatte viktige vedtak."

Det er etter Fylkesmannen si vurdering viktig å understreke at ein masterplan ikkje er ein plan innafor plan- og bygningslova. Det betyr m.a. at planen ikkje gir endringar i arealbruksføremål med juridisk verknad. Masterplan har vidare ikkje noko formkrav for prosess, medverknad, partsrettar og rettstryggleik. Fylkesmannen vil difor rå Sandnes kommune til at masterplanen i det endeleg dokument ikkje blir omtalt som ein del av planhierarkiet, slik det er gjort i utdraget ovanfor.

Masterplan er eit omgrep for eit dokument og "arbeidsverktøy" for eit heilhetleg konsept og rammeverk, med langsiktige strategiske føringar for utvikling. Med andre ord vil planen vere eit støtteverktøy i vegen frå "ord til handling", og for vidare arbeid med kommuneplanar for området. I eit seinare arbeid med ein juridisk bindande kommuneplan vil formelle krav til involvering og prosess bli avgjerande og vektlagt. Føremålet med ein masterplan er at det skal vere ein viktig del av eit best mogleg avgjerslegrunnlag for seinare arbeid med kommuneplanar for området.

Etter fylkesmannen si vurdering er det viktig at Sandnes kommune og andre aktørar ikkje underkommunerer den vesentlege forskjell det er mellom bindande kommuneplan og ein masterplan.

Anna aktuelt døme på masterplanar i vår region er masterplan for Stavanger lufthamn Sola.

Planområdet og utbyggingstrinn i Masterplanen

Planområdet i masterplanen omfattar deler av Hana og Vatne, Auestad, Skjørestad og Sviland. Kyllles ligg utanfor influensområdet til ein bybanetrasé slik den er skissert i FDP-J. På grunn av dette vil ikkje hovudprinsippa for ei bærekraftig utvikling, som arealøkonomisering og prioritering av kollektivtransporten, kunne leggjast til grunn for utvikling av dette området nå, skriv kommunen.

Planområdet er totalt 4570 dekar i følgje kommunen. Opplysningar elles om jord – og skogbruksareala innafor området kjem fram i planen side 72-76.

Prinsippkissa (kartet) syner eit område som vil kunne gi rom for 10.000 bueiningar (30.000 innbyggjarar) og 30.000 arbeidsplassar med tilhøyrande fellesfunksjonar, offentleg og privat service, park- og idrettsområde m.m.

Områda Hana og Vatne har prioritet som fyrste byggetrinn øst i Sandnes. Utanom dei to felta på Hana langs Rv13 som allereie er omdisponert til utbygging i gjeldande kommuneplan, utgjør fyrste trinnet område på om lag 370 dekar ved Vatneli (bustad), 450 dekar på dei flate areala på Vatne (erverv) og 150 dekar på Auestad (bustad/erverv). Det er planlagt at dette bør inngå i revidert kommuneplan for Sandnes for perioden 2011-2025.

Områda ved Skjørestad, Sviland og Kylls er naturlege å behandla tilsvarande ved å ta dei inn som naturleg avgrensa område i etterfølgjande kommuneplanar, skriv Sandnes kommune.

Utbyggingsområda i masterplanen er redusert i forhold til areala synt som ”Langsiktig utviklingsretning” i FDP-J. Dette gjeld mesteparten av Kylls og deler av Sviland på austsida av fylkesvegen. Det er ikkje teke standpunkt til om dette er ei varig reduksjon eller om areala framleis er framtidig utbyggingsområde, men då etter 2040 som er planperspektivet til FDP-J.

Jordvern lokalt og nasjonalt

I 2004 blei det sett eit nasjonalt jordvernmål om at den årlege nedbygginga av dyrka jord skulle halverast innan 2010 – dvs maksimalt 5700 dekar årleg omdisponering. Dette målet blir ikkje nådd. Omdisponeringa i 2009 i landet var 7900 daa.

Vidare har regjeringa nå på høyring eit forslag om endring av jordlova som gir heimel for områdevern av matjord – varig vern av jordbruksareal slik ein i dag har for naturområde.

Rogaland har 10 % av Noregs jordbruksareal – 1 mill dekar (600 000 dekar fulldyrka og 400 000 dekar innmarksbeite). Samstundes står fylket for 15% av den årlege nedbygginga av dyrka jord* (KOSTRA-tall frå SSB 2005-2008), altså ein større del av nedbygginga enn fylket sin nasjonale del av matjorda. 1200 daa dyrka jord er blitt omdisponert til anna føremål enn landbruk kvart i år Rogaland. Det er grunn til å tro at det også i Rogaland er varierende kvalitet på rapporteringa i KOSTRA og til dels underrappotering.

Matfylket Rogaland er kjent for å vere eit ”20% fylket for matproduksjon i Noreg, og eit fylke med særleg gode klimatilhøve for jordbruk, med eit produsent og produksjonsmiljø på høgt nivå.

I følgje SSB vil innbyggartalet i Noreg allereie i 2030 vere 5,8 mill innbyggjarar. Folketalet i Rogaland vil auke frå 420 000 i dag til 555 000 i 2030. Desse rogalendingane treng nytt areal til bustad-, nærings-, og samferdselsutbygging. Ut i frå eit nødvendig arealforbruk per ny innbyggjar på om lag 0,5 dekar (kjelde: ATP-strategi for Osloregionen (2007), gir dette eit samla nytt arealbehov på om lag 68 km² dekar innan 2030. Dette tilsvarer heile landarealet til Sola kommune.

* Dyrka jord i KOSTRA er både fulldyrka og innmarksbeite.

Forsett omdisponeringa av dyrka jord som i seinare år i Rogaland, vil 24000 nye dekar dyrka jord vere nedbygd i fylket i år 2030. Dette tilsvarar all dyrka jord som i dag er igjen i Randaberg og Stavanger kommune.

Dersom veksten skal fortsette i same takt står Rogaland med andre ord føre store utfordringar med behov for nye utbyggingsareal, samstundes som eit aukande folketalet i fylket og Noreg krev høgare matproduksjon, om vi skal oppretthalde eigen andel av produksjonen. Noreg sin eigen matproduksjon dekker i dag om lag 50% av behovet.

Fylkesmannen si vurdering av Masterplan Sandnes Øst

Sandnes kommune skriv i planen:

"Formålet med en Masterplan for områdene øst i Sandnes er å fastsette gode rammer for en prosessorientert planlegging som antakelig vil vare i en generasjon. Det er en rekke forutsetninger og rammebetingelser som kan endres underveis i en slik langsiktig planprosess. Derfor bør planleggingen tuftes på bestandige og tidsuavhengige verdier så som bærekraft og ressursbesparelse, miljøhensyn, beboernes helse og velvære og en boligpolitikk som har likhet som grunnleggende verdi"

Fylkesmannen er samd i denne tilnærminga til bruk av planen og de bærande element for framtidig bruk og vern av areal- og ressursar i Sandnes Øst. Dette gjelde særleg målet om redusert transportarbeid og realisering av eit høgverdig kollektivtilbod for området, både til bustad og næringsområde.

Jordverninteresser innafor planområdet

Austad-Vatne området er i fagrapport landbruk til FDP-J registrert som "kjerneområde landbruk". Det vil si at området har kvalitet og eit omfang som jordbruksområde av nasjonal verdi.

Ved behandling av FDP-J i fylkestinget og regjering blei området vald som "langsiktig utviklingsretning" for byutviklinga på Jæren. Dette som eit grep for å unngå utvidinga av by- og tettstader på beste dyrka jord vest og sørover på Jæren, jfr langsiktig grense for landbruk.

Utbygging i Sandnes øst vil på vegen til ei omfattande utbygging på mindre produktive areal, særleg kring Svilandsområdet, bygge ned store areal dyrka jord i Vatneli, Vatne og Auestad. Fylkesmannen vil peike på at den sørvestvendte og godt drenerte matjorda i Vatneliområdet har særleg høg produksjonsevne. Den dyrka jorda på "Vatneflaten" er dårlegare drenert, men er i nasjonale samanheng også av stor verdi.

Konsekvensar for dyrka jord

Tabell frå masterplanen side 74:

Plan	Områder	Areal i daa	Sum	
Fylkesdelplan	Hana, Vatne, Vedafjell	2 695	10 749	10 749
	Auestad, Skjørestad, Kylles, Sviland	8 054		(3 095) (3 137)
Kommuneplan 2007-2020	Hana	200	2 139	- 6 709 (2 160) (2132)
	Vedafjell	728		
	Velde Pukk	622		
	Torsteinfjellet	327		
	Sviland	262		
MASTERPLAN SANDNES ØST	Vatne, Auestad	1 359	4 570	
	Skjørestad, Kylles, Sviland	3 211	(1 693) (1 571)	
LNF-områder Ikke tatt i bruk				4 040 (935) (1005)

Tallene i parentes er (antall daa, fulldyrket areal)
(antall daa, beiteareal)

Kommune skriv til tabellen;

"Av totalt 10.749 daa. areal vist som "langsigtig utviklingsretning" i fylkesdelplanen, omfattende Hana, Vatne, Vedafjell, Auestad, Skjørestad, Kylles og Sviland, blir 4.040 daa. ført tilbake til landbruket. Av disse er 935 daa. fulldyrka i dag og 1.005 daa. er beite. Den valgte løsningen for Masterplan Sandnes Øst gir en vesentlig besparelse av landbruks-, natur- og friluftsområder i forhold til det utbyggingsmønsteret som er vist i Fylkesdelplan for langsigtig byutvikling på Jæren, samtidig som kravet om en vesentlig utbygging øst i Sandnes basert på effektiv kollektivbetjening, blir oppfylt. Dette synes å være i tråd med regjeringens anbefalinger i forbindelse med godkjenning av planen."

Fylkesmannen registrerar at vesentlege areal innafor "Langsigtig utviklingsretning" i FDP-J, område ved Kylles, Nord mot Haga, Sviland søraust og Vedafjell sør, ikkje er vist i masterplanen som utbyggingsområde. Dette gir som kommunen viser til ein reduksjon i kor mykje LNF-område som kan bli nedbygd. Det går ikkje fram av planen om Sandnes kommune meiner dette skal bli ei varig avklaring av arealbruken for denne delen av Sandnes Øst.

I forhold til det nasjonale jordvernmålet er det etter Fylkesmannen si vurdering viktig å peike på at ovannemnde arealreduksjon skjer der det er minst matjord og høgast del mindre produktivt areal. Samstundes ligg ein vesentleg del av dei prioriterte utbyggingsområda på den mest verdfulle matjord, særleg ved Vatneli, Vatne og Skjørestad, noko ein og har vore kjent med då FDP-J blei utarbeid og godkjend.

Fylkesmannen vil vise til Regjeringa si godkjenning av FDP-J i kgl.res. 04.05.01 der det er vektlagt at omsynet til jordvernet bør "veie tungt ved detaljplanlegginga i planperioden".

Fylkesmannen konstaterar at arealbruksføringane i Masterplanen i sum gir klåre negative konsekvensar for nasjonale jordverninteresser i området. Reduksjon i vist utbyggingsområde i prinsippskissa for masterplanen for delar av langsigtig utviklingsreting i FDP-J, endrar ikkje dette. Heller tvert i mot, i og med at områda som er teke ut er dei minst produktive.

Landbruksomsyna må sjølvsgt vegast opp mot omsynet til å få realisert ei utbygging som gir tilstrekkeleg kundegrunnlag for etablering av eit høgverdig kollektivtilbod og bybane.

Bybanetrasè og arealbruk

Fylkesmannen vil minne om at FDP-J har 3 typar prioriterte utbyggingsområde:

- Basis
- Bussakse
- Langsiktig utviklingsretning

Sandnes Øst er område for "langsiktig utviklingsretning". Den endelege avgrensinga av denne kategori utbyggingsområde er ikkje i like stor grad detaljvklart i FDP-J, som basis- og bussakseareala. Sandnes kommune sine justeringar av bybanetrasè og reduksjon av planområde på Kylls og Sviland søraust, stadfester etter vår vurdering dette.

Vi viser m.a. også til vår uttale 11.05.06 "*Sandnes – konkretisering av utbyggingsretning øst og markaområder- uttalelse til fagrappporter*" side 5, 3. avsnitt:

"Det blir anbefalt i rapporten (pkt. 5.1.1.) at grensene for markaområdene i Sandnes blir vist identisk med overordnet grøntstruktur som er vist i FDP-J. Denne grensen er vist i temakartene i pkt. 6. Fylkesmannen viser til vedtak i fylkestinget den 10.10.2000 (pkt. I) der det blir presisert at "*mer detaljert avgrensning av området mot jordbruksområder og grøntstruktur fastlegges i kommuneplanen i samarbeid mellom kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen*". Vi gjør oppmerksom på at hovedkartet i FDP-J er en grov skisse av grøntstrukturen, og det vil etter vår vurdering være behov for lokale tilpassinger slik det er forutsatt – jf. pkt 1.1 i retningslinjene til FDP-J. Eksempelvis kan nevnes Hana/Vatne, Vagle og Dale. I forhold til noen av utbyggingsområdene vil det være viktig å justere grøntstruktur/markagrense i forhold til topografi og landskapsrom."

Austre grense for utbyggingsområde Vatne/Vatneli

Fylkesmannen syner til at den austre avgrensinga av utbyggingsområde på Vatne er diskutert og vurdert ved fleire høve etter at FDP-J vart vedteken. M.a. i samband med kommuneplan for Sandnes 2002-2017 og omdisponering til offentleg føremål, plassering av ny Hana skule. I brev til Miljøverndepartementet 08.01.03 frå Rogaland fylkeskommune v/fylkesordførar står det m.a.:

"Det må også vektlegges at det er planlagt en framtidig hovudveg som en forbindelse mellom RV 44 frå Lura i bro over Gandsfjorden og gjennom tunnel i Vatnefjell. Denne vegen er ikkje detaljplanlagt, men må forutsettes å bli framført til RV 13 øst for planlagte skole/idrettsområdet slik som det framkommer av arealplankartet i kommuneplan for Sandnes 2002-2007. Denne vegen vil eventuelt kunne representere en naturlig østre grense for utbygging mot landbruksarealene på Vatne." (Fylkesmannen si understreking).

Bybanetrasè

Fylkesmannen ser det ikkje som vår rolle å kvalitetssikre eller "etterprøve" kostnadstala for bybanebygging og utrekningane av potensielt influensområde for bybanetrasèar som er lagt til grunn for dei forskjellige alternativa. Vi vil peike på at det i ein masterplan av denne karakter framleis vil vere ein stor grad av uvisse til dei vurderingane som er gjort. Ny kunnskap, føresetnader og grundigare utgreiingar kan endre desse vurderingane.

Ved ei utbygging av ein ny by for 30-50000 innbyggjarar og med eit tidsperspektiv på 40-50 år, må omsynet til ein egna trase som gir eit attraktiv kollektivtilbod og høve til effektiv arealutnytting vere avgjerande for val av utbyggingsområde. Samstundes som at ein av omsyn

til jordvern i størst mogleg grad innafor rammene til FDP-J, bygg ned minst mogleg dyrka jord og areal tenleg til regional og lokal grøntstruktur.

Eventuelle skilnad i kostnader på eksempelvis 100 mill mellom dei forskjellige alternativ for bybanetrasè, kan etter vår vurdering berre tileggast marginal vekt. Fylkesmannen er slik sett skeptisk til Sandnes kommune si vektlegging av dette i planarbeidet og i vurderinga av bybanetrasèar. I byutviklingssaker av nasjonal og regional betyding av dette omfang og tidsperspektiv, som medfører m.a. nedbygging av dyrka jord av nasjonal verdi, må storsamfunnet akseptera samfunnsmessige kostnader for å sikre mest mogleg matjord til framleis jordbruksproduksjon.

Fylkesmannen etterlyser ei betre grunngeving for å tilrå austre alternativ for bybane. Det vil etter vår vurdering ikkje vere vesentleg skilnad mellom midtre og austre alternativ i høve til ein best mogleg regional grøntstruktur og kundegrunnlaget for bybanen.

Sjølv om utbygginga er i Sandnes Øst er ei oppfølging av FDP-J kan ikkje utbygginga sjå vekk frå dei endringa som er skjedd i nasjonal jordvernpolitikk sidan 2001. Dette gjeld og den endra situasjonen for matproduksjon og klimautfordringar som er synleg nasjonalt og globalt.

Fylkesmannen vil understreke at realisering av eit fullverdig kollektivtilbod og realisering av bybane er eit bærande element for realisering av utbygging i Sandnes Øst. Det må difor i kommande kommuneplanarbeid stillast absolutte rekkefølgjekrav slik at ein sikrar bygging av bybane tidleg nok, noko som sikrar god nok utnytting og framtidig realisering av utbygging på mindre produktive areal i Svilandsrådet.

Fylkesmannen etterlyser tydelegare omtale av jordvern i masterplanen, til dømes under "*Mål og retningslinjer for planleggingen av Sandnes øst*" i kapittel 1. Generelt etterlyser vi også at dei klare føringane i Fylkestinget sitt vedtak 10.10.2000 for fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren punkt E og I, om sikring av vesentlige areal i Sandnes øst til bruk som framtidige jordbruksområde, er meir synleggjort og vektlagt i planarbeidet. Vi viser også til vår vurdering av dette i brev frå Fylkesmannen 11.05.06 "*Sandnes – konkretisering av utbyggingsretning øst og markaområder- uttalelse til fagrappporter*" side 2:

"FDP-J skal ligge til grunn for de langsiktige veivalg for framtidig utbygging av Sandnes Øst. Som kommunen har vist til i kommuneplanmeldingen, pkt 2.1 "Utbygging Sandnes Øst" og pkt 2.2 "Markagrenser/områder", er et viktig arbeid å fastsette langsiktige grenser (markagrense) mellom byutvikling og viktige rekreasjonsområder. I en stor jordbrukskommune som Sandnes vil slike rekreasjonsområder, utenom skog, utmark og vassdrag, også være større jordbruksareal og kulturlandskapsområder.

Etter vår vurdering bør Sandnes kommune ha ambisjoner om å sikre større jordbruksarealer både på Hana og Vatne, uten at dette trenger å komme i konflikt med intensjonene bak utbyggingsstrategiene i FDP-J. Dette samme gjelder for Vagle-området i sør. Jordbruksområder vil ha en viktig funksjon som grønne områder i en ellers tettbygd by.

Fylkesmannen legger til grunn at en viss varig sikring av jordbruksarealer i tilknytning til utbyggingsområder i Sandnes Øst, og i andre utbyggingsområder i kommunen, ikke bare blir sett på som "tap" og reduksjon av utbyggingsgrunn, men også som en ressurs for bærekraftig byutvikling og bokvalitet."

OPPSUMMERING

Fylkesmannen vil framheve at grunnføresetnaden for omfattande utbygging i Sandnes aust er omsynet til jordvernet, og då på lenger sikt enn dei 40 åra som er tidsperspektivet i FDP-J. Dette er eigentleg første steg i ei langsiktig utvikling mot aust, og slik sett må det her planleggjast infrastruktur med tanke på ei vidare byutvikling enn det som er skissert i masterplanen. Eit meir langsiktig perspektiv må også takast med når det skal diskuterast grunnlag for bybane, inkludert kostnad for første del av utbygginga. I eit slikt perspektiv kan ikkje utbygging lengst nordaust på beste jordbruksjord på Vatne/Vatneli, etter vår vurdering omtalast som ein føresetnad for framtidig banebasert byutvikling for heile Sandnes øst.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FYLKESMANNEN:

1. Rogaland fylkeslandbruksstyre gir ros til Sandnes kommune for å ha prioritert vesentlege ressursar til arbeidet med konkretisering av utbygging i Sandnes øst og utarbeidet av "Masterplan Sandnes Øst".
2. Rogaland fylkeslandbrukstyre vil understreke at jordvernomsyn og bygging av bybane er eit premiss for utbygging av Sandnes aust. Dersom banen ikkje blir sikra realisering er utbygging i Sandnes aust ikkje lenger eit alternativ for byutvikling på Jæren, jf fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J).
3. Rogaland fylkeslandbrukstyre føreset at det i kommande arbeid med kommuneplan for områda i Sandnes aust blir sett absolutte rekkefølgekrav om tidleg utbygging av bybane som sikrar effektiv arealutnytting og framtidig realisering av utbygging på mindre uproduktive areal fram til Sviland.
4. Rogaland fylkeslandbrukstyre kan ikkje sjå at "Masterplan Sandnes Øst" dokumenterar at alternativ bybanetrasè øst med tilhøyrande mest omfattande nedbygging av matjord av nasjonal verdi, er einaste alternativ som gir tilstrekkelig kundegrunnlag og økonomi for realisering av bybane.
5. Rogaland fylkeslandbrukstyre vil understreke at særleg matfylket Rogaland må akseptere samfunnmessige kostnader for å kunne gi matjord særleg vern. Dette gjeld også utbygging av Sandnes Øst og val av framtidig bybanetrasè.
6. Med bakgrunn i nasjonale jordverninteresser i området, føreset fylkeslandbrukstyret at austleg grense for utbygging ikkje går lenger enn til tunnelinnslag for ny veg til Gandsfjord bru.

Fylkesmannen, landbruksavdelinga 10.12.2009

Anfinn Rosnes
fung. landbruksdirektør

Dagfinn Hatløy
seniorrådgivar

AVRØYSTING I FYLKESLANDBRUKSSTYRET 17.12.09

Fellesforslag frå Fylkeslandbruksstyret om endringar av pkt. 2, 3 og 6

Pkt. 2:

Rogaland fylkeslandbrukstyre vil understreke at jordvernomsyn og bygging av bybane/kollektivtrase er eit premiss for utbygging av Sandnes aust.

Dersom banen/kollektivtrase ikkje blir sikra realisering er utbygging i Sandnes aust ikkje lenger eit alternativ for byutvikling på Jæren, jf fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J).

Pkt. 3:

Rogaland fylkeslandbrukstyre føreset at det i kommande arbeid med kommuneplan for områda i Sandnes aust blir sett rekkefølgjekrav om utbygging av bybane som sikrar effektiv arealutnytting og framtidig realisering av utbygging på mindre uproduktive areal fram til Sviland.

Pkt. 6:

Med bakgrunn i nasjonale jordverninteresser i området, føreset fylkeslandbrukstyret at bybanen blir lagt så nært opp til det vestre alternativ som mogleg frå Vatnekrossen til banen møter midtre og austre alternativ ved Sviland nord (Ødegård).

Rogaland fylkeslandbrukstyre føreset elles at tunnelinnslag og ny veg frå Gandsfjord bru blir lagd lengst mogleg vest.

Fellesforslaget for pkt 2,3 og 6 blei samrøystes vedtatt (7-0)

VEDTAK (SAMRØYSTES 7-0):

1. Rogaland fylkeslandbruksstyre gir ros til Sandnes kommune for å ha prioritert vesentlege ressursar til arbeidet med konkretisering av utbygging i Sandnes øst og utarbeidet av "Masterplan Sandnes Øst".

2. Rogaland fylkeslandbrukstyre vil understreke at jordvernomsyn og bygging av bybane/kollektivtrase er eit premiss for utbygging av Sandnes aust.

Dersom banen/kollektivtrase ikkje blir sikra realisering er utbygging i Sandnes aust ikkje lenger eit alternativ for byutvikling på Jæren, jf fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J).

3. Rogaland fylkeslandbrukstyre føreset at det i kommande arbeid med kommuneplan for områda i Sandnes aust blir sett rekkefølgjekrav om utbygging av bybane som sikrar effektiv arealutnytting og framtidig realisering av utbygging på mindre uproduktive areal fram til Sviland.


4. Rogaland fylkeslandbrukstyre kan ikkje sjå at "Masterplan Sandnes Øst" dokumenterer at alternativ bybanetrasè øst med tilhøyrande mest omfattande nedbygging av matjord av nasjonal verdi, er einaste alternativ som gir tilstrekkelig kundegrunnlag og økonomi for realisering av bybane.

5. Rogaland fylkeslandbrukstyre vil understreke at særleg matfylket Rogaland må akseptere samfunnmessige kostnader for å kunne gi matjord særleg vern. Dette gjeld også utbygging av Sandnes Øst og val av framtidig bybanetrasè.

6. Med bakgrunn i nasjonale jordverninteresser i området, føreset fylkeslandbrukstyret at bybanen blir lagt så nært opp til det vestre alternativ som mogleg frå Vatnekrossen til banen møter midtre og austre alternativ ved Sviland nord (Ødegård).

Rogaland fylkeslandbrukstyre føreset elles at tunnelinnslag og ny veg frå Gandsfjord bru blir lagt lengst mogleg vest.

Fylkesmannen, landbruksavdelinga 22.12.2009



Dagfinn Hatløy
seniorrådgivar

Utskrift sendt til:

Sandnes kommune Postboks 583 4305 Sandnes

Kopi til:

Rogaland Bondelag	Sandvikveien 21	4016	Stavanger
Miljøverndepartementet	Postboks 8013 Dep.	0030	Oslo
Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 Dep	0030	Oslo
Jordvernforeningen i Rogaland v/Andreas Joa	Sør Kolnesvegen 120	4050	Sola
Statens landbruksforvaltning	Postboks 8140 Dep.	0033	Oslo
Jordvernutvalget Sandnes Bondelag v/Paul	Vassvikveien 106	4308	Sandnes
Kyllingstad			
Rogaland fylkeskommune,	Sentrum Postboks 130	4001	Stavanger
Regionalutviklingsavdelingen			
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	Oslo

Kommuneplan-
komiteen
24.08.09 -
sak 12/09 -
Vedlegg 5


Kart justert 10.12.09

Bybane nedslagsfelt alternativ midtre

Masterplan Sandnes Øst – vedlegg til
innstillingen fra Landbruksavdelingen, sak
78/09 jf pkt 6 i tilråding, FLS - møte 17.12.09

"Spart" jordbruksareal ved østre
utbyggingsgrense ved tunnelinnslag

Tunnelinnslag - ny veg
til Gandsfjord bru



2.7.2009 CF